

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Møtereferat – Friluftsliv - Møte FNF – 20. april. 2012 (kl 1000-1430)

Møtestad: Kråkneset friluftsområde, Vestnes

Til stades; Geir Haugli, Hugo Tingvoll, Roger Hustad, Ingbjørn Bredeli. Eva Spirdal Jacobsen tok del i sak 7.

Sak 1: Status i FNF-arbeidet med økonomi

Bra økonomi i FNF, FRIFO er i år sein med driftstilskotet og forhåndsutbetalte kr 120 000 i påsketider. Presenterte prosjekt som skjøtsel Stokke, skjøtsel Prestneset, Skilt-prosjektet.

FNF ønskjer å bruke mindre ressursar på prosjekt-stønad og meir til påverknad/drift.


Sak 2: Kva vart utfallet at møtet mellom FK og FÅO knytt til brevet frå FK av 27.01.2012 (sjå vedlegg) - og kva gjer FNF med det ?

Utfallet av møtet vart at både FK og FÅO begge beklaga den situasjonen som har oppstått. FÅO beklaga sin ordlyd i sin epost, men FK fann ingen grunn til å beklage noko i sitt brev av 27.01.2012.

FNF velger å oversjå den negative ordlyden i FK sine brev. FNF vel og sjå framover og arbeide for betre arbeidsrammer for dei grønne frivillige organisasjonar ved auka forutsigbarheit.

Sak 3: Saksframlegget til kulturutvalmøtet med fordeling av 74-og 31-posten er klar (sjå vedlegg) – interessant med omsyn driftstilskotet til sikra friluftsområder i fylket der friluftsråda er inne

Nedgang i innstilling frå kr 550 000 i 2011 til kr 335 000 i 2012. I saksframlegget står det;



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Det har i år vore vanskeleg å fordele midlane frå post 31 på dei ulike søknadene. Der vi har sett søknader på tilskot til konkrete tiltak i enkeltområde kor det er lett å sjå effekten og resultata av ei tildeling, har vi gitt innstilling om tilskot. Ingen av dei to friluftsråda har levert konkrete enkeltsøknader, men samesøknader for fleire tiltak og område. Søknadene er noko mangelfulle når det gjeld dokumentasjon og det er vanskeleg å tyde kva effekt dei ulike tiltaka vil gi til innbyggjarane. Vi ser likevel at friluftsråda gjer ein god og viktig jobb og rår derfor til rammetilskot for dei to organisasjonane med krav om at ein rapporterer på dei konkrete tiltaka i etterkant.

FNF finn tre ting å påpeike; Begge friluftsråda blir innstilt til over 200 000 mindre i tilskot i høve til tidlegare år, det er innstilt eit tilskot på kr 330 000 til eit tiltak som ikkje er tufta i ei forvaltningsplan og saksframlegget (sitert ovanfor) gjev ein innstilling som gjev eit feilaktig bilde av friluftsråda sin seriøsitet.

FNF finn det rett at det er dei to friluftsråda som fører denne saka vidare i lobbyverksemd/skriftleg fram til utvalsmøte 25.04.2012.

Sak 4: Vassregionsmøte 25.04.2012

Thomas Sveri frå FRIFO har meldt sin ankomst til onsdagens samling vannrammedirektivet – han oppfordra organisasjonane til å delta på dette møtet – FNF-koordinator og repr frå NJFF stiller på dagmøtet.


Sak 5: Arbeidsoppgåver framover

FNF vil sjå nærmare på friluftsliv i plan. Ny fylkesplan. Nasjonal transportplan. Økonomiske forutsigbare rammevilkår for organisasjonane.

Sak 6: Arbeidssituasjonen FNF-koordinator

Arbeidsutvalet diskuterte arbeidssituasjonen medan koordinatoren tok seg ein tur. Arbeidsutvalet var samde om å avvente situasjonen til tilsettingsprosessen med ny dagleg leiar i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal er avgjort i mai.

Sak 7: Nasjonal handlingsplan for friluftslivsområder



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Det vart halde ei synfaring (Julneset) og eit møte 18.04.2012 i Molde der Fylkesmannen, fylkeskommunen og DN diskuterte sikra friluftsområde, kartlegging av friluftslivsområder samt NH friluftslivsområde. FNF er undrande til kvifor ikkje friluftsråda vart invitert til dette møtet då dette er ein vesentleg del av arbeidsfeltet til friluftsråda.

Me gjekk gjennom utkast til tekst for oversendingsbrev til DN knytt til NH. Endra noko på excell-arket. 307 friluftslivsområder.

Sak 8: Eventuelt

Ingen sak under eventuelt.

30.04.2012

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal